

Rapport 2020 – Karbonfangst og andre klimavenlege tiltak for Vestlandsjordbruket

| Hovudaktivitetar | 2020 |
|---|---|
| Prøve ut praktiske metodar og verktøy for måling av jord | <p>Jordanalysane er brukt som bakgrunn for utlegging av forsøksfelt. Vibhoda i Vitalanalyse har tolka eine analysen (Albrecht) og kome med forslag til tiltak. Dette inngår som forsøksledd i eitt feltforsøka.</p> <p>Det er sett litt på mikroskopiering av jordprøvar og gjort litt erfaringar med framgangsmåten. Planen er å vidareføra dette og målet er å kunne bestemme om det er til stades mikroorganismar i jorda. Dette vil vera eit supplement til analysar utført ved laboratorium.</p> |
| Prøve ut praktiske tiltak i grovfôrdyrkinga | <p>Det er lagt ut 6 nye forsøksfelt og i tillegg ligg dei eit felt frå tidlegare prosjekt, dvs. totalt 7 felt. 6 av felta er gjort avlingsregisteringar i og teke tørrstoffprøvar. Forsøksledd er i hovudsak: bruk av kompost, gjødsling med kalsium, svovel og bor. Biogjødsel (biorest) er også med på tre felt. I 2020 er det først og fremst verknad på avling ein kan registrera. Verknad på jord kjem seinare. Det er ønskjeleg å analysera tørrstoffprøvar frå forsøksfelta. Men nedlegging av tidlegare analysetilbod har gjort at det har vorte sett litt på vent i høve til å finna ei ny løysing der analysekostanden per prøve ikkje vert altfor dyr.</p> <p>Kompostte – ønskjeleg med ledd med kompostte, vanskeleg å få tak i og finne enkel oppskrift. Søk etter oppskrift gav til slutt resultat og vart prøvd. Bør følgjast opp med utprøving i 2021.</p> <p>Kompost – tre i gang med kompostering av vrakfôr, mòk og lauvtreflis</p> <p>Direktesåing i eng med kvitkløver og sikori. Følgast opp til våren.</p> <p>Målretta beiting. Prøvd litt av praktikarar. Følgjast opp til våren med inngjerding av område som ikkje vert beita.</p> <p>10 brukarar, inklusiv feltvertane, er i gang med å prøve ut praktiske tiltak.</p> |
| Informasjons- og motivasjons-møte | Markdag med lett utstyr: Det er teke kontakt med maskinfirma i høve til markdag i byrjinga av oktober. Helena og Gunnstein i NLR Vest vart sett på saka. Pga korona vart dette ikkje gjennomført. |
| Pilotbruk- og demofelt | Det er sådd felt med ulike vekstar både eitt- og fleirårige på Voss vgs. Rutene vart merka med skilt og vart brukt i samband med markdag. Også brukt i undervisninga på skulen. I tillegg har NLR Vest brukt feltet for å sjå på rotutvikling og nitrogenfiksering som ledd i å auka eigenkompetansen. |
| Open gard arrangement med tema jord | Har sådd diverse vekstar med tanke på open gard arrangement, men usikkert om arrangementet kan gjennomførast. Open gard vart avlyst, men me brukte dei sådde potetene på markdag i anna prosjekt der fangvekstar var temaet. |
| Ta eit spatak – jordvurdering - lokale markdagar nettverksbygging | <p>Gjennomført fleire spadeprøvar. Prosjektet vart omtala på markdag i juni der gras, slått og jord (inklusiv karbonlagring) var tema. 30 deltakarar.</p> <p>Arrangert markdag på forsøksfeltet i Granvin 3.09. og på Gjerdåker 4.09., der også kompostering av gardsavfall var tema. Vel 20 deltakarar.</p> <p>Det er knytt kontakt (nettverksbygging) i høve til bruk av fangvekstar (Kari Bysveen, NLR Innlandet) og i høve til analysar og gjennomføring av forsøk andre stader (Hege Sundet, NLR Østafjells), og i høve til bruk av kompost (Anne Lene Malmer, NLR Viken).</p> |

| | |
|--|---|
| Fagseminar om karbon i jord, jordstruktur og jordhelse | Gjennomf rt eit m te - Bondecaf  27. januar p  Vandrarheimen i samarbeid med Felleskj pet Agri. Webm te 25.11 og 2.12 med innlegg om "Jord som lagrar karbon". Ca. 130 deltakarar totalt |
| Kunnskap p  digitale media | Lagt ut fagstoff mm. p  facebook (Karbonfangst i Vossajordbruket Facebook) Var litt sporadisk 1. halv r, men har vore meir aktivitet dei siste m nadenane. NLR Vest har laga podcast med temaet "Jordhelse og kompost p  dagsorden" der Arnfinn Gjerd ker, Nat Mead, kompostekspert ved Sogn jord og hagebrukskule og prosjektleiar i karbonprosjektet. Podkast - Norsk Landbruksr dgiving Vest SA (nlr.no) Artikkel i Bondevennen i august – Med jordhelse i fokus. Artikkel om jordhelse og kompost p  dagsorden i r dgivingsmelding for NLR Vest i desember og p  NLR Vest si webside. |
| Studietur | Utsett til 2021 p  grunn av koronasituasjonen |
| Administrasjon | Rapportering. Rekna p  fors ksresultat |
| Statusm ter | M te i prosjektgruppa 28. april p  teams, 18.09 og 1.12 (to sistnemnde var fysiske m te) |
| Styringsgruppem te | 07.02 |
| Referansegruppa | |

28. januar 2021

Norsk Landbruksr dgiving Vest

Gunnlaug R the